

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---


Dato	07.01.2022
Vår referanse	2022/265-1
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Sigrun Wølstad
E-post	Sigrun.Wolstad@vlfk.no
Telefon	96944535

## Kulturminnefagleg fråsegn – Søknad om dispensasjon - gnr 424 bnr 13 - Bø - Alver kommune

Viser til brev dagsett 01.11.2021 med ovanfor nemnde sak til fråsegn, og til vårt brev av 11.11.2021 med varsel om synfaring.

Arkeologar frå Vestland fylkeskommune gjennomførte synfaring i det gjeldande arealet 09.12.2021 det vart ikkje påvist synlege automatsk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg nasjonal eller regional verdi innanfor området som er søkt frådelt. Det er ikkje trong for ytterlegare arkeologiske registreringar. Vi ber likevel om at det vert teke omsyn til eventuelle kulturlandskapstrekk som til dømes steingardar, bakkemurar, tufter, eldre vegfar m.m.

Parsellar må etablerast innanfor område avsett til fritids- og turistføremål i kommuneplanen. Slik at heile det automatsk freda kulturminne med tilhøyrande sikringszone (Askeladden id. 149416) ligg utanfor nye parsellar.



Figur 1. Rune R visar automatsk freda kulturminne med tilhøyrande sikringszone

Vi vil minne om kulturminnelovas § 3:

***Forbud mot inngrep i automatisk fredete kulturminner.***

Ingen må – uten at det er lovlig etter § 8 – sette i gang tiltak som er egnet til å skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredet kulturminne eller fremkalle fare for at dette kan skje.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader i saka i samband med kulturminne.

Med helsing

**Karoline Hareide Breivik**  
leiar  
KII - Arealplan (Førde)

**Sigrun Wølstad**  
seniorrådgjevar  
KII - Arealplan (Førde)

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*